

Elin og Henry Reidar Fanebust  
Lindåsvegen 2088

5955 Lindås

Våge, 12.04.23

Til  
Alver kommune  
v/ sakshandsamar Inger Opheim Hindenes

### **Delvis avslag om innsyn i sak 21/10678 - Betinga klage på vedtaket**

Avslaget er begrunna med at dokumentet inneheld informasjon om «noens personlige forhold».

«Dokumentet», som viser seg å vere eit oppgulp av usannheiter og usaklegheiter, er retta direkte mot underteikna, underteikna sin dels namngitte familie og også einskilde politikarar. All den tid dokumentet er offentleggjort av Eikevik gjennom distribusjon, er det heilt naudsynt at alle som er omtala her får høve til å tilbakevise overfor mottakarane, slik også vi kjem til å gjere.

Vi kan **kun** godta eit avslag dersom desse «noens pesonlige forhold» gjeld Eikevik aleine eller hans familie. Alle andre må ha krav på innsyn for å kunne ivareta sine egne interesser. Om dei er uvitande må dei sjølv sags varslast.

Dersom «noens pesonlige forhold» i vedtaket ovanfor vedrører enten 99/1, oss personleg eller vår familie krev vi absolutt innsyn for å kunne ivareta **våre** interesser.

Med vennleg helsing  
Elin og Henry Fanebust